

Vedlegg 1) Vedtekter for Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt enøkfond

1) Føremål

Enøkfondet er eit fylkeskommunalt fond som vert forvalta etter retningsliner i desse vedtektene.

Fondet har til føremål å stimulere tiltak som gjev redusert eller meir effektiv energibruk og eventuelt tilleggseffekt for miljøet i form av betre luftkvalitet inne eller ute.

Fondet skal gje støtte til tiltak innan Sogn og Fjordane og til tiltak innan fylkeskommunalt, kommunalt verkeområde, samt til verksemdar /lag/organisasjonar som driv haldningsskapande enøkarbeid.

Tiltak som kan støttast er:

- Enøkanalyser
- Enøkinvesteringar i bygningar og driftsanlegg
- Opplæring av nøkkelpersonell
- Haldningsskapande arbeid/informasjon retta mot innbyggjarane i fylket.

Støtte skal gjevast uavhengig av kva slags energi som vert spart, men det er krav om varig reduksjon i energibruken. Tiltaket som får støtte bør vere lønsame i forhold til ein referansepris på energi fastsett av fondsstyret.

Dersom tiltakshavar mottek støtte frå andre, kan støtte frå enøkfondet verte avkorta. Støtte til tiltak som uavhengig av støtte er svært lønsame, kan også verte avkorta.

2) Grunnkapital

Grunnkapitalen er på 10 millionar kroner per 1. juli 2003.

3) Avkastning

Kvart år vert grunnkapitalen tilført ei avkastning som tilsvarer den gjennomsnittrente fylkeskommunen oppnår på sine likvide midlar dersom rekneskapsresultatet gjev høve til det.

4) Uttak frå fondet

I utgangspunktet vert det lagt opp til at grunnkapitalen i fondet vert trappa ned til null over ein periode på minimum 5 år. Grunnkapitalen kan maksimalt tappast for 2 millionar kroner kvart år. I tillegg kan ein ta ut opptent rente/avkastning.

5) Søknad, tilsegn og utbetaling

Søknadsfrist til fylkeskommunen er 1. april kvart år.

Når søknad om støtte er vurdert og godkjent, kan det gjevast bindande tilsegn om støtte. Tilsegna fell bort dersom den ikkje vert nytta innan 12 månader, men fristen kan forlengast etter søknad.

6) Fondsforvaltning

Fondsmidlane vert plasserte som ein del av fylkeskommunen sine likvide midlar og forvalta i samsvar med fylkeskommunen sitt finansreglement.

7) Styre og administrasjon

Fylkesutvalet er styre for enøkfondet og tildeler midlar. Fylkesrådmannen utøver sekretariatsfunksjonen. Forvaltningskostnader utover sekretariatfunksjonen vert belasta fondet.

8) Rekneskap og årsrapport

Årleg rekneskap og rapport for fondet skal inngå i fylkeskommunen sin årsrekneskap og fylkesrådmannen sin årsrapport.

9) Verknadstidspunkt

Desse vedtektene trer i kraft frå 1. juli 2003. Første tildelingsrunde vert gjennomført etter at fylkeskommunen sin rekneskap for 2003 er framlagt.